

## Tove Mette Arnø Fyllingen

---

**Emne:** VS: Grunnitt spm om Forvaltingsplan for Mjåtveitvassdraget.

---

**Fra:** Leif Johnsen <[ljholme@online.no](mailto:ljholme@online.no)>  
**Sendt:** onsdag 16. februar 2022 20:48  
**Til:** Postmottak Alver <[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** Sara Sekkingstad <[sara.sekkingstad@alver.kommune.no](mailto:sara.sekkingstad@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Grunnitt spm om Forvaltingsplan for Mjåtveitvassdraget.

Hei.

### **Grunnitt spm om Forvaltingsplan og fragråd for Mjåtveitvassdraget.**

Avdelinga for Miljø og tilsyn starta i 2021 eit arbeid for å etablere ein tiltaksplan/forvaltingsplan for Mjåtveitvassdraget.

Ny bustadutbygging skal snart starte opp i området kloss opp til Kloppedalsbekken, ein viktig gytebekk for auren som er vert for muslinglarvane.

Det er òg stadig mye potensielt forureinande arbeid med steinmassar sør i Mjåtveit næringspark, kloss opp til bekken.

Dei gamle avbøtande tiltaka som har fungert som hinder for steinstøv og anna tilsig til no, treng raskt til vedlikehald og oppgradering om dei framleis skal fungere som tiltenkt når det no vert sett i gang ny utbygging kloss i tilsigsområdet.

I eit brev frå Statsforvaltaren ved Johan Magnus Steinvåg, datert 24.06.21, heiter det flg:

#### **Ny moglegheit.**

Dei nye funna av elvemusling har gitt oss alle ein ny sjanse til å lykkast med å berga den unike og kritisk trua bestanden av elvemusling. Derfor ber vi Alver kommune vurdere å utarbeida ein tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget. Planen treng ikkje å vere omfattande, men må vera konkret og retta seg mot faktorar som påverkar vassdraget negativt, og innehalde aktuelle tiltak og vidare opplegg for oppfølging av desse.

#### **Fagråd for Mjåtveitvassdraget?**

I tillegg til utarbeiding av ein tiltaksplan, vil det vere viktig å ha god dialog med dei ulike aktørane og interessentane kring

Mjåtveitelva. Vi ber derfor Alver kommune å vurdere om det bør opprettast eit Fagråd for Mjåtveitvassdraget der ulike

interessentar saman med kommunen kan møtast og oppdaterast seg på status for vassdraget og såleis også sikra god

informasjonsutveksling. Vi ber ei tilbakemelding på forslaga våre innan 1. september 2021. Vi står gjerne til disposisjon

med informasjon og rettleiing undervegs om det er ønskjeleg.

#### **Spørsmål 1.**

Kor langt er arbeidet med tiltaksplanen kome, og når reknar ein med at planen er ferdig?

Til innhaldet i planen:

- 1a. Er heit naudsynte tiltak som vedlikehald og oppgradering av fangdammane ein del av planen?
- 1b. Er rutinar for regelmessige vassprøvar teken av nøytral instans ein del av planen?
- 1c. Er informasjonsrutinar om vernesona til verksemder som har sitt virke i tilsigsområdet ein del av planen?

## **Spørsmål 2.**

Korleis vurderer kommunen verdien av eit Fagråd for Mjåtveitvassdraget, og kva har ein svara Statsforvaltaren om å opprette eit slikt?

Med helsing

Leif Johnsen,  
Alver MDG.